

ÅRSMELDING FOR BUL MOLDE 2011

(Frå 1.11.10 til 31.10.11)

STYRET:

Styret er samansett av arbeidsutvalet og ein medlem frå hyttenemnda.

Arbeidsutvalet: Leiar: Lars Staurset
Kirsten Aure
Bente Myklebust
Anne Lise Farstad
Vara: Randi Irene Sylta

Arbeidsutvalets mandat har vore å halde i gang leikøvingane på Reknes Ungdomshus.

Styremedlem: Sylvfest Bell frå hyttenemnda

Revisorar: Arild Jacobsen og Bente Dyrnes Aarø
- personlege

varamedl: Frøydis Austigard og Atle Bell

Rekneskapsførar: Arild Horrstad

Valnemnd: Randi Reppe Bell og Anne Karin Heggem

Instruktør i 2011: Irene Møllersen Bell

Organisasjonsnr: 993 469 467

Medlemstal: Pr 31.10.11 hadde BUL Molde 44 medlemmar.

Møte: 1 årsmøte: 1.12.10.
3 styremøter: 6.4.11, 31.8.11 og 12.10.11
2 møte i arbeidsutvalet: 17.11.10 og 31.10.11

Aktivitetar dette året:

Leikøvingar haust 2010:

Det var 4 øvingar i november 2010.

3. november var andre lag invitert til rekkedansar. Det er populært og med 28 dansarar på golvet vart det flotte rekker.

Mimrehelg etter Isleik 2010:

BUL organiserte mimrehelg på BUL-hytta 13. -14. november.

Dei fleste som var med til Island deltok. 27 dansarar frå BUL, Rauma leikarring, Lyngstad Leikarring og Sylte og Malme Ungdomslag. brukte helga på parhalling, rekkedansar og kvadrilje. Tid til å sjå bilete frå Island vart det òg. 12 personar overnatta.

Leikøvingar vår 2011:

Det var 14 ordinære leikøvingar og ei ekstraøving i vårsemesteret. 4 av dei ordinære øvingane var saman med Romsdal Spelemannslag i Reknesstabburet på Romsdalsmuseet, der dei har øvingane sine. Til øvinga den 30. mars var andre lag invitert og 24 dansararar svinga seg til levande musikk.

Ekstraøvinga var i Isfjorden den 3. mai der 5 dansarar frå BUL deltok. Programmet var øving av samdansprogrammet til Røros-leken, samt turdansar og bytedansar.

Leikøvingar haust 2011:

Det vart arrangert 8 leikøvingar i perioden august – oktober. Den første øvinga 31.8. vart nytta som førebuing til Innflyttardagen 3.9.2011.

Innflyttardagen:

BUL hadde stand saman med Romsdal Spelemannslag på Innflyttardagen. Det vart laga ei brosjyre til utdeling. 7 BUL-medlemmer reklamerte for laget og framførte dansar til musikk frå Romsdal Spelemannslag og medbrakt CD.

Det var god kontakt med publikum, men ingen nye dansarar på øvingane.

Generelt om leikøvingane:

Frammøtet på vanlege leikøvingar i meldingsåret har vore 12 – 16 dansarar.

Øvingstida er frå kl. 19.30 til kl 22.00. Styret har bestemt at alle skal betale 20 kr i "kaffipengar".

Øvingane er prega av høgt aktivitetsnivå og god stemning. Vi ønskjer fleire dansarar og gjerne menn, men damene er flinke til å gå inn og ut av ymse roller.

Sylte og Malme Leikarring (SMUL) har øving kvar søndag. BUL-medlemmer har vore flittige gjester på desse øvingane.

Andre aktivitetar:

- Sal av Jul i Romsdal hausten 2010. 30 stk.
- Bygdaliv: Nettsida har blitt oppdatert i etterkant av leikøvingane og gir eit godt bilete av aktivitetane både i og utanom laget. Nettsida er flytta til web-hotellet one.com. E-post vert sendt til ca. 80 personar før semesterstart, årsmøte og andre viktige hendingar.
- Dugnadsarbeid på BUL-hytta. I tillegg til det vanlege vedlikehaldet har det vore fleire dugnader på vedhogst.

Samarbeid med andre lag

Samarbeidet mellom BUL og leikarringane i Sylte og Malme, Lyngstad og Rauma har fortsatt også i 2011. Dansarane går på øvingar hos kvarandre og dreg på arrangement og turar saman. Somme er medlemmer av to eller tre lag. Dette samarbeidet er avgjerande for trivselen og aktiviteten i leikmiljøet i regionen.

Utsendingar / deltakarar frå BUL, medrekna dobbeltmedlemmer, på andre arrangement:

- 4. desember - Sylte og Malme Ungdomslag feira 100-årsjubileum. 5 dansarar frå BUL deltok i framsyning saman med vertskapet.
- 9. desember - Kulturkveld i Sylte og Malme Ungdomslag. 5 medlemmer frå BUL deltok i framsyning saman med SMUL.
- 25. januar - idédugnad på Rådhuset om frivilligplan i Molde kommune. 1 utsending frå BUL.
- 29. januar - dansekveld i Stordal-hallen. Valldal Spelemannslag stod for musikken. 4 deltakarar frå BUL.
- 5. februar - Bygdedanskveld i Malmefjorden. Fleire deltakarar frå BUL
- 12. februar - Spelemannstreff på Åndalsnes. 7 dansarar frå BUL og SMUL.
- 12. mars - Årsmøte i Romsdal Ungdomssamlag. 1 utsending frå BUL.
- 13. mars - var det Gammaldansfest i Reknes Ungdomshus. Trondheim Toradergruppe besøkte Romsdal Spelemannslag. BUL-medlemmer deltok på festen.
- 6.- 8. mai. Rørosleken. 19 deltakarar frå BUL, SMUL, Rauma Leikarring og Lyngstad Leikarring.
- 20. - 24. juli - Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Oppdal. 4 deltakarar frå BUL.
- 17. september - Bygdedanskveld m/kurs i Malmefjorden. 7 deltakarar frå BUL.
- 7. - 9. oktober vart det arrangert VM i pols i Vauldalen. 4 dansarar frå BUL dansa pols heile helga. Ein deltakar i tevlinga.

Arbeidsinnsatsen i hyttenemnda, arbeidsutvalet, dugnadene og leikøvingane tilsvarar 140 dagsverk.

Arbeidsutvalet rettar ein stor takk til alle for det frivillige arbeidet som vert lagt ned i samband med drift, øvingar og tilstellingar.

Lars Staurset

Bente Myklebust

Anne Lise Farstad

Kirsten Aure